

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT ALMINNELIGE ADMINISTRATIVE DELEGERINGSREGLEMENT FOR MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

I

I tillegg til dette reglement er fylkeskommunedirektørens delegerte mynde regulert i økonomireglementet for Møre og Romsdal fylkeskommune og i finansreglementet for Møre og Romsdal fylkeskommune.

HEIMEL

§ 1

Det administrative delegeringsreglementet er utarbeidd med heimel i lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 nr. 83

§ 2

I medhald av kommunelova § 5-3, 3. ledd kan fylkestinget delegere avgjerdsmynde/vedtaksmynde til fylkeskommunedirektøren innan ramma sett i kommunelova eller anna lov.

Fylkeskommunedirektøren kan vidaredelegere sitt mynde til anna fylkeskommunalt tenestepersonell, med dei unntak som følger av lov, og innafor dei instruksar, retningslinjer eller pålegg fylkestinget gir.

FORMÅL

§ 3

Reglementet skal vere med på å fremje effektiv sakshandsaming og at avgjerd blir tatt på rett nivå, under omsyn til behovet for internkontroll, effektiv ressursutnytting og rettstryggleik.

§ 4

Dette reglementet regulerer fylkeskommunedirektøren sin rett og prinsipp for vidaredelegering av gitt mynde frå fylkeskommunale folkevalde organ, mynde gitt direkte i lov, jf. kommunelova § 13-1 siste ledd, og mynde gitt frå statleg forvaltningsnivå (departement, direktorat mv).

GENERELT OM DELEGERING

§ 5

Fylkeskommunedirektøren gir ikkje frå seg sitt mynde når han delegerer til avdelings- og stabsnivå i organisasjonen. Fylkeskommunedirektøren har sitt mynde i behald og kan trekkje eit delegert mynde attende eller gjere om avgjerder, gje instruksar og pålegg om korleis myndet skal utøvast.

DELEGERINGSPRINSIPP

§ 6

Som i det politiske delegeringsreglementet legg ein og i dette reglementet her til grunn ei "negativ avgrensing" ved delegering. Det vil seie at fylkeskommunedirektøren delegerer all mynde på eit saksområde til avdelingsdirektør eller stabsleiar, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren sin konkrete delegering.

§ 7

Fylkeskommunedirektøren er etter kommunelova § 13-1, øvste leiar for fylkeskommunen sin administrasjon.

Han skal leie den samla fylkeskommunale administrasjonen med dei unnatak som følger av lov, og innanfor dei instruksar, retningslinjer eller pålegg fylkestinget gir.

Fylkeskommunedirektøren kan etter kommunelova § 5-3,3. ledd få delegert mynde frå fylkestinget eller anna folkevald organ til å treffe vedtak innanfor dei rammer lovgjevinga set.

Delegert mynde kan berre gis i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Nærare klargjering av kva som er saker av ikkje-prinsipiell betydning, går fram av det politiske delegerings- og innstillingsreglement for Møre og Romsdal fylkeskommune, § 3.

§ 8

All delegering til administrasjonen frå folkevalde organ, skjer til fylkeskommunedirektøren.

§ 9

Fylkeskommunedirektøren kan delegere sitt mynde vidare til avdelingsdirektørar og stabsleiarar på dei saksområda som til ei kvar tid er lagt til den einskilde leiar, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks. Leiar av stab- og linjeavdelingar kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av lov, vedtak pålegg eller instruks.

§ 10

Fylkeskommunedirektøren sitt vidaredelegerte mynde skal til ein kvar tid utøvast innafor dei gjeldande politiske vedtak, reglement, pålegg og instruksar. Alt delegert mynde skal utøvast i samsvar med god forvaltningsskikk.

II

VIDAREDELEGERING AV FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT MYNDE:

KOMPETANSE- OG NÆRINGSOMRÅDET

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til kompetanse- og næringsdirektøren innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for kompetanse- og næringsdirektøren, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Kompetanse- og næringsdirektøren kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

KULTUROMRÅDET

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til kulturdirektøren innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for kulturdirektøren, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Kulturdirektøren kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

SAMFERDSELSOMRÅDET

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til samferdselsdirektøren innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for samferdselsdirektøren, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Samferdselsdirektøren kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

TANNHELSETENESTA

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til fylkestannlegen/tannhelsedirektøren innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for fylkestannlegen/tannhelsedirektøren, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Fylkestannlegen/tannhelsedirektøren kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

BYGG- OG EIGEDOMSTENESTER

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til bygg- og eigedomssjefen innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for bygg- og eigedomssjefen, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Bygg- og eigedomssjefen kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

STAB FOR STRATEGI OG STYRING

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til assisterande fylkeskommunedirektør innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for assisterande fylkeskommunedirektør, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Assisterande fylkeskommunedirektør kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

STAB FOR ORGANISASJON OG TENESTEUTVIKLING

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til organisasjonssjefen innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for organisasjonssjefen, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Organisasjonssjefen kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.

STAB FOR JURIDISKE OG ADMINISTRATIVE TENESTER

Fylkeskommunedirektøren delegerer med dette sitt mynde til juridisk sjef innan det til ein kvar tid gjeldande ansvarsområde for juridisk sjef, med mindre anna går fram av lov, vedtak, pålegg eller instruks.

Juridisk sjef kan vidaredelegere sitt mynde, med mindre anna går fram av fylkeskommunedirektøren si konkrete delegeringsbeslutning.